FORSLAG TIL PLANPROGRAM

Detaljregulering for Korsabrumyrane næringsområde gnr. 12 bnr. 12, 14 og del av 6 i Bjørnafjorden kommune.

SWECO

Revisjonshistorikk

Rev:	Dato:	Beskriving av endringa	Utarbeida av	Kontrollert av
0	20.01.2026	Forslag til planprogram	EHV	AKK

Prosjekt:	Click or tap here to enter text.
Prosjektnummer:	
Kunde:	Stabburshaugen Eiendom AS
Rev:	0
Dato:	20.01.2026
Oppretta av:	AKK
Kontrollert av	Click or tap here to enter text.
Dokumentreferanse	

Innhald

1. Bakgrunn 5
1.1 Tiltakshavar og konsulent 5
1.2 Føremålet med planen og planprogrammet 5
1.3 Plassering av planområde 5
1.4 Krav om konsekvensutredning (KU) 7
1.5 Planprogram 8

2. Skildring av planområdet 8
2.1 Plassering av planområde 8
2.2 Topografi og landskap 10
2.3 Alternativ 10

3. Aktuelle overordna rammer og premisser 10
3.1 Statlege føringar 10
3.2 Regionale føringar 12
3.3 Kommunale planar 13
3.4 Gjeldande reguleringsplanar 14
3.5 Pågåande planarbeid 15
3.6 Andre relevante planer/temaplanar/strategiar 17

4. Metode 17

5. Oversikt over tema som skal konsekvensutgreiast eller skildrast 19
5.1 Naturmangfald (utgreiingstema) 19
5.2 Klimagassutslepp (utgreiingstema) 21
5.3 Landskap (plantema) 22
5.4 Utgreiingsbehov 26
5.5 Kartlegging av utredningsbehov 26
5.6 Tema som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga (KU) 27
5.7 Tema som skal omtalast i planarbeidet 30
5.8 Risiko- og sårbarheitsanalyse 31

6. Organisering av planarbeidet 34
6.1 Planprosess 34
6.2 Medverking og informasjon 35
6.3 Framdriftsplan 36

Rettleiing til planprogrammet

Kva er konsekvensutgreiing og planprogram?

Dette planforslaget krevjar konsekvensutgreiing med planprogram. Når ein plan har vesentlege verknadar for miljø og samfunn, skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing saman med planen. Hensikta med undersøkingane og konsekvensutgreiinga er å få oversikt over kva moglegheiter, utfordringar og konsekvensar dei ulike løysningsalternativa kan gje, og korleis desse skal handterast. Kravet om konsekvensutgreiing inneberer at det skal utarbeidast eit planprogram. Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet og kva problemstillingar ein kan sjå på som viktige å undersøke knytt til miljø og samfunn. Planprogrammet skal skildre kva grunnlagsmateriale som må utarbeidast for at planforslagets relevante tema kan vurderast tilstrekkelege, samt skildre relevante og realistiske plan- og utgreiingsalternativ. Ein skal skildre aktuelle samarbeids- og medverknadsprosessar for planarbeidet. Konsekvensutgreiinga skal følgje planforslaget som vert sendt til kommunen.

Kva kan du komme med innspel til?

Me ønskjer innspel til vurderinga av kva tema og utgreiingar konsekvensutgreiinga og undersøkingane skal innehalde. Eit viktig grunnlag for vurderinga av innhaldet vil vera fråsegn frå rørte myndigheiter, interesseorganisasjonar, grunneigars og andre aktørar, som belyser kva som er relevante utgreiingsbehov ut frå sin kjennskap til området og eigne ansvarsområde.

Korleis er prosessane?

Forslagsstillar skal utarbeide forslag til planprogram og stå for høyringa. Etter at planprogrammet har vore på høyring, skal relevante innspel frå høyringa gjennomgåast, og sendast til planmyndigheita i Bjørnafjorden kommune, for vidare handsaming. Dei vil så fastset planprogrammet som då ligg til grunn for vidare reguleringsplanlegging.

1. Bakgrunn

1.1 Tiltakshavar og konsulent

Stabburshaugen Eiendom AS er tiltakshavar og Sweco Norge AS er utførande plankonsulent. Bjørnafjorden kommune er ansvarleg myndigheit og ansvarleg for handsaminga av detaljreguleringsplanen med konsekvensutgreiing.

1.2 Føremålet med planen og planprogrammet

Føremålet med planprogrammet er å klarleggje premiss og rammar for planarbeidet, derunder å fastsetje kva forhold som skal utgreiast og skildrast nærare i planframlegget med konsekvensutgreiing. Eit anna føremål er å informere relevante myndigheiter, organisasjonar og råka partar, og få innspel til gjennomføringa av reguleringsplan og KU. Planprogrammet skal styrke tidleg medverknad og avklare viktige problemstillingar på eit tidleg tidspunkt i planarbeidet jfr. pbl § 4.2.

Føremålet med detaljreguleringa er å legge til rette for næringsverksemd i samsvar med KDPA Bjørnafjorden Vest, kor planområdet er avsett til næringsføremål. Innanfor planområdet vil ein legge til rette for næringsbygg for logistikk, industri, lager og verkstadar, som kan bidra som eit supplement til næringsaktivitet i Lyseparken næringsområde. Korsabrumyrane næringsområde ligg fordelaktig lokalisert nært E39 og tilgrensande næringsområde, og vil fungere som eit positivt tillegg for næringsverksemda i Bjørnafjorden vest.

1.3 Plassering av planområde

Planområde er plassert vest for Lyseparken næringsområde ved Sjøbøhaugane i Bjørnafjorden kommune. Området ligg lokalisert tett på fylkesveg og E39, og vil kunne fungere som ein naturleg utviding og supplement av næringsverksemd i Lyseparken.



Figur 1: *Utsnitt tilgrensande reguleringsplanar og flyfoto med plangrense i raud stipling, Kommunekart.*



Figur 2: Plangrense

1.4 Krav om konsekvensutredning (KU)

Plan- og bygningslovens §§ 4-2, 12-10 og 14-6 bestemmer kva planar som skal konsekvensutgreiast. Jamføre. § 6, pkt. b i KU-forskrifta, skal reguleringsplanar etter PBL § 12-2 alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram når planen fastsett rammar for tiltak i vedlegg I og II. Planarbeidet legg opp til næringsverksemd med blant anna næringsareal for logistikk, industri, lager og verkstader på om lag 24 000 m2 grunnflate. Tiltaket kommer inn under «Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige føremål med et bruksareal på meir enn 15 000 m2, og vil derav ha krav om konsekvensutgreiing. Tiltaket er vurdert etter *Forskrift om konsekvensutgreiing, FOR-2017-06-21-854.* Kommunen har derfor vurdert det slik at planforslaget faller inn under forskriftas § 6; planar og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram.

Frå plan- og bygningslova § 4.1:

> *For alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan få vesentlege negative verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast et planprogram som grunnlag for vidare planarbeidet.*

Forskrift om Konsekvensutgreiingar definerer kriteria for kva planer som skal konsekvensutgreiast:

> *§ 6 Følgande planer og tiltak skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding:*
> *b) reguleringsplanar etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt frå dette er reguleringsplanar der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i en tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen.*

Vedlegg I definera følgande for konsekvensutgreiing:

> *Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m^2 (mindre tiltak omfattast av vedlegg II nr. 11j).*

1.5 Planprogram

For alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan ha vesentlege verknader for miljø og samfunn, skal det som ledd i varsling av planoppstart utarbeidast eit planprogram som grunnlag for vidare planarbeid.

Planprogrammet skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosess med fristar og deltakarar, opplegget for medverknad, spesielt i høve til grupper som kan verta særleg rørt, kva alternativ som vert vurdert og behov for vidare utgreiingar. Vidare skal planprogrammet greie ut kva tema som skal konsekvensutgreiast, og kva tema som skal omtalast.

I høve til forskrift om konsekvensutgreiing skal planprogrammet beskrive følgande (§ 14):

a. planen eller tiltaket, det berørte området og de problemstillingene som i den konkrete saken anses viktige for miljø og samfunn
b. forholdene som etter kapittel 5 skal utredes, og hvilke metoder som er tenkt benyttet for å skaffe nødvendig kunnskap
c. relevante og realistiske alternativer og hvordan disse skal vurderes i konsekvensutredningen
d. plan- eller søknadsprosessen, med frister i prosessen, deltakere og plan for medvirkning fra særlig berørte grupper og andre.

2. Skildring av planområdet

2.1 Plassering av planområde

Planområdet ligg på vestsida av Lyseklostervegen og område nytta til masseuttak og steinknuseverk og Fjellanger hundeskule. Området er ca. 125 da stort og ligg nært E39 og ny fylkesveg 5156 Åsen – Helleskaret, som vart opna i august 2025. Området er i dag skogsterreng med samanhengande skogholt med nokre myrar. Vest for planområde ligg regulert bustadområde Hellebakkane Nordre del.

Arealet ligg tett på vedteke næringsområde Lyseparken, og skal vere ein del av samlokaliseringa av næring på vestsida av E39. Tilkomst til planområdet er via Lyseklostervegen med avkøyrsel til naboplan Sjøbøelva – Korsabrua, som ligg på nedsida av Sjøbøelva. Tiltakshavar har hatt dialog med naboplanen om ein felles avkøyrselsløysing, som takast med vidare i planarbeidet. Planområde er om lag 125 da, med skissert ca. 67 da avsett til næringsføremål i moglegheitsstudie frå 2021. Det er naudsynt å vurdere utforming og plassering av byggeområde i tråd med vidare planarbeid kor ein har spesielt omsyn til Sjøbøelva og myrområde innanfor planen.

Figur 3: Oversiktsbilete av planområde. Google Maps

Figur 4: Utsnitt frå 3D-modell i Google maps med ca. planområde markert med raud ring. Bildet er sett frå søraust mot nordvest, med Lyshornet og Lysekloster hovudgard til høgre i bildet.

2.2 Topografi og landskap

Området er ca. 125 da stort og ligg nært E39 og ny fylkesveg 5156 Åsen – Helleskaret, som vart opna august 2025. Området er i dag skogsterreng med nokre myrar. Planområde grensar til reguleringsplan for Sjøbøelva – Korsabrua (PlanID 20550200). Område et kupert, skogdekt og utan infrastruktur.

I samband med områdeplan for Sjøbøhaugane, detaljregulering av Klosterparken og detaljregulering av Sjøbøelva – Korsabrua er det gjort ei rekke registreringar både innanfor og i nærleiken av planområdet. Planområdet vart kartlagt for naturtypar på land (NiN) av Biota Naturkompetanse i samband med områdeplan for Sjøbøhaugane i 2023. I samband med kartlegginga er det funne hol eik og kystskriptlav sentralt i planområdet. I utkanten av planområdet mot sørvest er det funne boreonemoral regnskog utan barskogdominans med middels verdi.

2.3 Alternativ

Formålet med konsekvensutgreiinga er å gje ei oversikt over verknadar og konsekvensar som planforslaget kan medføre. Konsekvensutgreiinga vil vurdere planforslaget mot 0-alternativet (dagens situasjon).

2.3.1 0-alternativet (dagens situasjon)

0-alternativet vil vera eit samanlikningsgrunnlag i konsekvensutgreiinga. 0-alternativet er definert som dagens situasjon slik tomta er i dag.

2.3.1 Planframlegget

Planframlegget er den regulerte situasjonen med ferdig etablert, planert og utbygd næringsareal. Planframlegget vil definere planeringshøgder, byggehøgder og plassering av vegar.

3. Aktuelle overordna rammer og premisser

3.1 Statlege føringar

Statleg planretningsline for arealbruk og mobilitet, 24.01.2025

Den statlege planretningslina for arealbruk og mobilitet fokuserer på å fremje berekraftig utvikling gjennom effektiv utnytting av areal og forbetring av transport. Dette inneber konsentrering av utvikling rundt kollektivknutepunkt og hovudtransportårer, samt effektiv bruk av eksisterande

infrastruktur. Grøntområde og naturressursar skal bevarast. Vidare vert kollektivtransportnettverket styrka, og det vert lagt til rette for gang- og sykkelvegar, noko som bidrar til å redusere bilavhengigheit og trafikkproblematikk. Integrasjon av klima- og miljøomsyn er sentralt, med mål om å minimere utslepp og klimapåverknad, samt verne natur- og landskapsverdiar. Samla søkjer planretningslina å balansere utviklingsbehov med miljøomsyn, og bidra til eit meir effektivt og miljøvennleg samfunn. Strengare reguleringar for å bevare natur- og landskapsområde samt utfordringar med å balansere miljøomsyn mot utviklingsbehov.

For Sjøbøhaugane næringsområde kan dette innebere:

1. Prioritering av utvikling som støttar kollektivtransport, gang- og sykkelvegar.
2. Betre tilgang til transportinfrastruktur, som kan redusere tilkomsttid og kostnader for bedrifter.

Statlege planretningslinjer for klima og energi, 20.12.2024

Den statlege planretningslina for klima og energi fokuserer på reduksjon av klimagassutslepp, auka energieffektivitet og satsing på fornybar energi. Hovudmålet er å fremje berekraftig energibruk som bidrar til å nå Noregs klimamål. Dette inneber at bedrifter og næringsområde må tilpasse seg nye krav og tiltak som inneber redusert energiforbruk, investering i energisparande teknologi, og bruk av fornybare energikjelder som sol- og vindkraft. Samla skal desse tiltaka hjelpe til med å bygge eit meir miljøvennleg og energieffektivt samfunn som støttar opp under nasjonale klimamål.

Som del av planmaterialet vil det bli utarbeidd risiko- og sårbarheitsanalyse, der ein mellom anna vil vurdere potensielle farar med lausmassar, skred, områdestabilitet. flaum støy og trafikk.

For Sjøbøhaugane Næringsområde kan dette innebere:

- Bedrifter vil kanskje måtte gjennomføre tiltak for å redusere sine klimagassutslepp, som energieffektiv produksjon og bruk av miljøvennlege transportmetodar.
- Investering i energisparande teknologi og prosessar kan bli naudsynt.
- Bedrifter kan bli oppmuntra til å investere i solceller, vindkraft eller andre fornybare energikjelder for eige energiforbruk.

3.2 Regionale føringar

Regional plan for klima 2022-2035

Hovudmålet i klimaplanen er å setje den strategiske retninga for klimainnsatsen i Vestland, og synleggjere viktigheita av samarbeid for å løyse utfordringane Vestland står ovanfor. Planen har 5 prioriterte tema: redusere direkte klimagassutslepp, redusere klimafotavtrykket, trygt og robust Vestland, sikre naturmangfald og klimarettferd og folkehelse.

Det er vurdert at planområdet ligg strategisk til og tett på Lyseparken og E39. Dette gjev kortare og meir miljøvennlege reiser/transport. Som del av planmaterialet må ein sjå på klimarekneskapen i høve nedbygging av natur.

Regional areal- og transportplan for Bergensområdet (2017-2028)

Føremålet med planen er å utvikle eit utbyggingsmønster som legg til rette for vekst i bustader og næringsareal innanfor berekraftige rammer, knytt til kollektivtransport og effektiv vegtransport, og med omsyn til langsiktig grønstruktur, jordvern, samt gode nærmiljøkvalitetar.

Det er vurdert at planområdet ligg strategisk til og tett på Lyseparken og E39. Dette gjev effektiv vegtransport.

Regional transportplan for Vestland (2022-2033)

Føremålet med planen er ein målestruktur med vekt på korleis klimagassutslepp frå transportsektoren kan reduserast, og som samsvarer med fokusområda i ATP (nemnd over) og målsettinga med Byvekstavtala for Bergen. Planen ligg til grunn for arbeidet med miljøvennleg utvikling av Bergen og omkringliggjande tettstader og felles målsetting om nullvekst i biltrafikken.

Det er vurdert at planområdet ligg strategisk til og tett på Lyseparken og E39. Dette gjev effektiv vegtransport.

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021 – 2033)

Den regionale planen for innovasjon og næringsutvikling for Vestland fokuserer på å styrke konkurranseevna og berekraftig vekst i regionen. Hovudmålet er å fremje ei dynamisk næringsutvikling gjennom innovasjon, teknologi og samarbeid mellom offentlege, private og akademiske aktørar. Dette inneber å leggje til rette for utvikling av nye produkt og tenester, støtte små og mellomstore bedrifter, og fremje forsking og utdanning som svarar til framtidas behov.

Fokusområda omfattar:

1. **Innovasjon og teknologi:** Støtte til bedrifta som utviklar nye løysingar, med fokus på digitalisering og forsking.
2. **Berekraftig utvikling:** Fremme tiltak som fremjar miljøvennlege forretningsmodellar og grøn teknologi.
3. **Kompetanse og utdanning:** Samarbeid med utdanningsinstitusjonar for å sikre tilgang til relevant kompetanse og fagleg utvikling.

For Sjøbøhaugane Næringsområde kan dette for eksempel innebere:

1. Støtte til innovasjonsprosjekt: Bedrifta kan søke midlar og støtte til utvikling av nye produkt, teknologi og tenester.
2. Berekraftige løysingar: Utvikling av miljøvennlege praksisar og økonomiske insentiv for å redusere miljøpåverknad.
3. Kompetanseutvikling: Samarbeid med lokale skolar og universitet for å sikre at bedriftene får tilgang til høgt kvalifisert arbeidskraft og kompetanseprogram.

3.3 Kommunale planar

Kommunedelplan for Bjørnafjorden Vest 2023 (PlanID 20151200)
Planforslaget er i tråd med overordna plan KDPA Bjørnafjorden Vest. Området er sett av til næringsføremål med omsynssone flaumfare .

Kommunedelplan for klima, energi og miljø (2021-2033)
Måla i klima-, energi- og miljøplanen (KLEM-planen) gjeld for Bjørnafjorden kommune som geografisk område og som verksemd. Gjennom denne planen vil kommunen jobbe fram ein langsiktig og berekraftig strategi for miljø-, energi- og klimaarbeidet. Planen synleggjer gode tiltak innan både miljø, klima, energieffektivisering og energiforsyning, og inneheld ein handlingsdel for realisering av tiltaka. Arbeidet med både planen og tiltaka vil heve kompetansen i kommunen og gjere kommunen betre kvalifisert til å omsetje kunnskap og løyse utfordringar knytt til klima, energi og miljø.

Kommunal planstrategi for Bjørnafjorden kommune (2024-2028)

Planstrategien er ikkje ein eigen plan, men eit viktig styringsdokument der kommunen prioriterar planoppgåvene som skal gjennomførast i valperioden. Prioriteringane som vert

gjort i planstrategien viser kva planoppgåver kommunen skal bruka både politiske og administrative ressursar på.

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Bjørnafjorden kommune (2023-2035)

Bjørnafjorden som ein trygg og sterk klima- og miljøvennleg samfunn viser korleis kommunen skal verta ein føregangskommune innan grøn omstilling og utvikla eit lågutsleppsamfunn ut i frå lokale moglegheiter. Denne planen er eit verkemedel til å nå desse måla, med 4 overordna føringar for den kommunale planlegginga:

1. Framtidsretta transport og infrastruktur
2. Folk og fellesskap i berekraftige tettstadar og lokalsamfunn
3. Framtidsretta Bjørnafjorden kommune
4. Samarbeid for å nå måla

3.4 Gjeldande reguleringsplanar

Området er ikkje regulert men det er fleire reguleringsplanar i som grensar til planområdet.

- Områdeplan for Lyseparken næringsområde, PlanID 20141600
- Reguleringsplan for Klosterparken med delar av fylkesveg 5156 Lyseklostervegen, PlanID 20220200
- Reguleringsplan for FV Åsen – Helleskaret, PlanID 20050801
- Endring av detaljregulering for Åsamyrane, PlanID 20120200



Figur 5: Gjeldande reguleringsplanar i området. Plangrense markert med raud stipling. Kommunekart.

3.5 Pågåande planarbeid

Områdeplan for Sjøbøhaugane, PlanID 20141500

Planprosessen ble igangsett i 2020, med kunngjering av oppstart i mai 2024, men det er ikkje utarbeida planforslag. Planområdet omfattar feltane FL7 og FL8 i kommuneplanen, i tillegg til grøntareal og næringsareal frå kommuneplanen. Planområdet ligg like vest for Lyseparken på nordsida av FV5156. Planen omfatta tidlegare næringsområde som er del av dette planforslaget. Det er med bakgrunn i dette gjort ein del innleiande studiar knytt til området.

Reguleringsplan for Sjøbøelva – Korsabrua, PlanID 20241000

Oktober 2024 ble det tinga oppstartsmøte for detaljreguleringsplan med førebels namn Lyseparken vest. Planen grensar for Lyseparken i vest og har som føremål å legga føringar for etablering av næringsbygg for logistikk, industri lager og verkstader. Planforslaget omfattar næringsareal og Sjøbøelva som grensar til planområdet. Planforslaget er godkjent lagt ut på høyring og offentleg ettersyn 3. Desember 2025.



Figur 6: Forslag til plankart for Sjøvøelva- Korsbrua med avkøyrselsløysing.

Reguleringsplan for Storhaugen, planID 20250200

Planprosessen er sett i gang med kunngjering av oppstart av planarbeid i mai 2021, men det er ikkje utarbeida planframlegg. Planområdet ligger like sør for Sjøbøhaugane, og er det same som felt FL9 i kommuneplanen som viser areal lagt ut til bustad.

Endring av områdeplan for Lyseparken

Reguleringsendring for Lyseparken omfattar fleire endringar og justeringar for områdeplanen Lyseparken som mål å gjere planen betre og endå meir miljøvennleg. Samstundes skal planen bli enklare å gjennomføre i praksis ved at reguleringa vert tilpassa faktiske tiltakshavarar som til dømes den samfunnskritiske etableringa til Posten Bring konsernet i Lyseparken.

Gang- og sykkelveg Lyseparken – Søfteland

Planforslaget regulerer ein samanhengande gang- og sykkelveg frå Lyseparken til Søfteland langs Vindalsvatnet. Planforslaget har vore ute på 2. gongs høyring august/september 2025.

3.6 Andre relevante planer/temaplanar/strategiar

- Folkehelseoversikt for Bjørnafjorden kommune (2023-2026)
- KommuneROS Bjørnafjorden 2024
- Grøn mobilitetsstrategi Bjørnafjorden kommune (2025-2036)
- Kommunedelplan for vassforsyning og avløp (2022-2034)

4. Metode

I høve til plan- og bygningsloven og forskrift om konsekvensutgreiing skal det utarbeidast en konsekvensutgreiing for planforslaget. Hensikten med konsekvensutredninga er å belyse og vurdere kva konsekvensar tiltaket vil ha for de tema som er valt i planprogrammet. Konsekvensutredninga vil bygge på eksisterande kunnskap gjennom innhenting av data frå offentlege databasar, eksisterande litteratur innanfor fagområda, synfaring og erfaringar i forbindelse med eksisterande verksemd.

Konsekvensane skal beskrive fordeler og ulemper for miljø og samfunn etter ein felles norm i høve til metodikk for ikkje-prissette tema i Statens vegvesens handbok V712 "Konsekvensanalysar". Prinsippa som leggast til grunn er ein systematisk gjennomgang av verdi, tiltakets påverknad og konsekvensens. Konsekvensen for eit tema kjem fram ved å samanhalde temaets verdi og påverknad. Dette gjerast i ei konsekvensvifte som vist i figuren til høgre.



Figur 7. Konsekvensvifte (kjelde: Handbok V712 Konsekvensanalysar, Statens vegvesen).

Det vert utført ei **verdivurdering** av miljøet/området som blir rørt av tiltaket ut frå den funksjonen området har i dag, i forhald til dei aktuelle tema. Verdien blir angjeve på ein femdelt skala; utan betydning-noko-middels-stor-svært stor verdi.

Påverknad er ei vurdering av kva konkrete endringar tiltaket antar å medføre for de ulike miljøa eller områdane. Påverknad vurderast i høve til alternativ 0, på en skala frå sterkt forringa til forbedra verknad tiltaket vil ha for miljøet/området.

Konsekvens beskriver dei fordelane og ulemper tiltaket vil medføre i forhold til alternativ 0. Konsekvensutgreiinga skal angje på en ni-delt skala frå stor positiv konsekvens (++++) til kritisk negativ konsekvens (- - - -). Prinsipp og kriteria for disse er samkøyrt, slik at for eksempel stor verdi innanfor et fagtema er samanliknbart med stor verdi innanfor eit anna fagtema.

Skala	Konsekvensgrad	Forklaring
- - - -	4 minus (- - - -)	Den mest alvorlige miljøskaden som kan oppnås for delområdet. Gjelder kun for delområder med stor eller svært stor verdi.
- - -	3 minus (- - -)	Alvorlig miljøskade for delområdet.
- -	2 minus (- -)	Betydelig miljøskade for delområdet.
-	1 minus (-)	Noe miljøskade for delområdet.
0	Ingen/ubetydelig (0)	Ubetydelig miljøskade for delområdet.
+/++	1 pluss (+) 2 pluss (++)	Miljøgevinst for delområdet: Noe forbedring (+), betydelig miljøforbedring (++)
+++/ ++++	3 pluss (+++) 4 pluss (++++)	Benyttes i hovedsak der delområder med ubetydelig eller noe verdi får en svært stor verdiøkning som følge av tiltaket.

Figur 8. Skala for vurdering av ikkje-prissette konsekvensar (kjelde: Handbok V712 Konsekvensanalysar, Statens vegvesen).

Konsekvensutredninga skal innehalde ei samanstilling av konsekvensar av tiltaket samanlikna med 0-alternativet og ei vurdering av måloppnåing i forhold til overordna planer. Det vil også bli greia ut om eventuelle avbøtande tiltak eller oppfølgande undersøkingar som kan anbefalast. Alle tema skal vurderast ut frå denne metoden.

5. Oversikt over tema som skal konsekvensutgreiast eller skildrast

5.1 Naturmangfald (utgreiingstema)

Målet med naturmangfaldslova er at naturen med sitt biologiske, landskapsmessege og geologiske mangfald, samt økologiske prosessar, blir teken vare på gjennom berekraftig bruk og vern. Dette inkluderer òg å sikre at naturen legg grunnlag for menneske si verksemd, kultur, helse og trivsel, både no og i framtida.

Naturmangfaldslova stiller krav til kunnskapsgrunnlaget ved vurdering av planen sine konsekvensar for naturmangfaldet, jfr § 8. Her heiter det at offentlege avgjerder så langt det er rimeleg skal bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologiske tilstand, samt påverknader. Kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til saka si karakter og risiko for mogleg skade på naturmangfaldet.

Dei utfordringar og problemstillingar som er vurdert som sentrale for dette planarbeidet vert gjort greie for her, jamfør KU-forskrifta § 7. Området er kartlagd tidlegare av Biota i høve til naturmangfald som del av tidlegare større områdeplan for Sjøbøhaugane. Sjøbøelva er i rapporten vurdert til å ha stor verdi som funksjonsområde for fisk. Omsyn til Sjøbøelva er eit viktig tema som må belysast i konsekvensutgreiinga. Sjøbøelva har viktig verdi for naturmiljø i området.



Figur 9. Utsnitt frå Naturbase.

Det er registrert myr delvis grunn og djup innanfor planområdet. Desse ligg hovudsakleg i utkanten av planområdet mot Lyseklostervegen og Sjøbøelva. Delar av desse myrene ser ut til å være under attgroing. Dette må undersøkast nærare som del av planforslaget, og ein vil søke å unngå nedbygging eller øydelegging av verdifull myr.

I samband med områdeplan for Sjøbøhaugane, detaljregulering av Klosterparken og detaljregulering av Sjøbøelva – Korsabrua er det gjort ei rekke registreringar både innanfor og i nærleiken av planområdet. Det er mellom anna registrert hol eik innanfor planområde som vist i figur 9. Registrert myr ligg hovudsakleg i utkanten av planområdet mot Lyseklostervegen og Sjøbøelva. Det må gjennomførast utgreiingar av konsekvensar arealet har for naturmangfaldet. Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i Miljødirektoratet sin handbok for Konsekvensutgreiingar M-1941, Kap. 1 (Naturmangfald). Det må gjennomførast utgreiingar av

konsekvensar tiltaket har for naturmangfald i området. Planforslaget må ta omsyn til desse naturverdiane i samband med den vidare planlegginga. Det bil bli utført ei biologisk kartlegging av myromåda i planområdet i samband med konsekvensutgreiing for klimagassutslepp av rådgjevande biolog.

5.2 Klimagassutslepp (utgreiingstema)

Det er gjort ei innledane analyse av moglege karbonrike areal innanfor planområde. I tråd med vidare arbeid med konsekvensutgreiing vil det bli gjennomført ei naturkartlegging av til dømes myromåda, og utarbeiding av konsekvensutgreiing for klimagassutslepp med bakgrunn i metodikk frå M-1941, kapittel 2.9 *Plan og utgreiingsprogam*. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å sikre at omsynet til miljø og samfunn blir synleggjort i utarbeiding av planer og tiltak. KU-forskrifta fastset krav til innhald i ei konsekvensutgreiing. Konsekvensutgreiing for dei ulike fagtema dannar grunnlag for avgjerd for å vurdere om eit tiltak eller plan kan gjennomførast, og i så fall på kva vilkår. Klimagassar er gassar som påverkar atmosfærens evne til å halde på varme, skaper ein drivhuseffekt og dermed påverkar klodens klima. Dei viktigaste utslippskjeldene i Norge er olje- og gassutvinning, industri, vegtrafikk, anna transport og arealendringar. Klimagassutslepp er eit aktuelt utredningstema dersom det er grunnlag for å tru at planen førar til ein auking i klimagassutslepp på over 2 000 tonn CO2-ekvivalentar. Krav om KU-klimagass kan vere aktuelt viss beslutningsrelevansen fell inn under punkt 2.9.2 og 2.9.3 i utredningsprogrammet:

- Det planleggast utbygging over 5 dekar på karbonrike areala som myr, torvmark eller skogsareal med høy bonitet
- det planleggast utbygging som kan gi økt transport, for eksempel ved utbygging av større bustad meir enn 3 km unna tettstader eller etablering av besøksintensiv eller arbeidsplassintensiv verksemd utanfor tettstadsområde
- det etablerast utslippsintensiv industri
- det blir store utslepp frå materialbruk og anleggsarbeid (massetransport, produksjon og transport av materialar).

Det skal hentast inn ny kunnskap om utslippsgenererande aktivitet, som arealbeslag, transport, industriverksemd, bygg- og anleggsaktivitet. Det skal greiast ut om kva areal som byggast ned og i kor stort omfang. Areala skal deles inn etter arealtype og jordtype. Dersom myr blir rørt, skal det gjerast målingar av kor djup myr som finnast i planområde. Det finnes ikkje ferdige registreringar

av karbonrike areala (skog og myr) innanfor planområdet. For å få meir presis kunnskap, må det gjørst ny kartlegging eller samanstilling av tilgjengeleg data, for eksempel fjernmålte data. I tråd med gjennomført oppstartsmøte med Bjørnafjorden kommune skal det gjennomførast kartlegging av myr innanfor planområde i samråd med rådgjevande biolog.

5.3 Landskap (plantema)

I tråd med rulleringa av KDPA Bjørnafjorden vest er det utarbeida ei landskapsanalyse for tidlegare Os kommune datert 14.03.2019. Rapporten inneheld ei landskapsanalyse for heile Os kommune (no Bjørnafjorden) med overordna føremål om langsiktig bruk og vern av areala i kommunen.



Landskapet er beskriven som einsarta og mellomskala landskap der fellestrekket er det vekslande og kuperte med mange små landskapsrom og tett skog som gjer det vanskeleg å orientere seg. Korte siktliner med landskapskarakter som er prega av eit kupert og uoversiktleg skogsterreng, med preg av mange smale sprekkdalar. Store myrområde, med tjern og bekkedrag (Landskapsanalyse, Os kommune 2019). Planområdet som inngår i delområde 26 Endelausmarka er prega av skogdekke og nokre myrar.

Figur 10. Landskapsanalyse for Os kommune 2019, delområde 26 Endelausmarka, Bjørnafjorden kommune

Området med Korsabrumyrane og Sjøbøelva er i landskapsanalyse for Os del av område 26 Endelausmarka. Dette området er registrert med middels landskapsverdi, med viktige omsyn frå analysane:

- Vassdrag Sjøbøelva med randsone/kantvegetasjon
- Ny E39 og byggjeområde omkring vil endre landskapskarakter i vesentleg grad og ny arealbruk vil dominere austre del av landskapsområde, og leggje press på tilgrensande område.

For å sikre god overordna utvikling er følgjande prinsipp formulert i planinitiativet:

- Istandsetting av terreng og landskap kring ny E39 og byggjeområde. Sikre gode grøntkorridorar og buffersona mellom nye byggjeområde og skogsområde.
- Unngå byggjetiltak på åskammane for å unngå / avgrense fjernverknad

Planområdet er skogdekt med kupert landskap som skrår ned mot Sjøbøelva. Området vil bli planert på mest mogleg naturleg nivå utan for store skjeringar og fyllingar. Områda nedst som vil vere mest formålstenleg til næringsareal, mens områda longs elva og øvst i terrenget vil setjast av til grøntstruktur for å ivareta omsyn til verknad på landskapet og punkt frå landskapsanalyse og punkt frå oppstartsmøte med kommunen. Skog og myr dekker store delar av området. Longs fylkesveg 161 Lyseklostervegen ligg spreidd busetnad og mindre areal med dyrka mark. Området er prega av tett barskog, med meir open kystfuruskog på toppane, og glissen blandingsskog i myrområda.

Figur 11: 3D-kart med føremål frå kommunedelplanen.

Førebels er det ikkje gjort detaljerte studiar på utnyttingsvolum og byggehøgder, men området kan tenkast bygd ut med om lag 24 000 m2 grunnflate med ei byggehøgde på om lag 18 - 20 meter. Dette går fram av ei tidlegare utarbeidd moglegheitsstudie utført av ABO Plan og Arkitektur i 2021. I samband med planarbeidet vil ein vurdere plassering og utforming av byggeområde særleg med

tanke på Sjøbøelva, myrområde og åskammar i øvre del innanfor planområdet, samt ein utbygging som tek omsyn til landskapet og andre verdiar innanfor planområde.

Andre opplysningar:

Det pågår planarbeid for næringsutbygging på naboeigedomen gnr. 13 bnr. 2 Reguleringsplan for Sjøbøelva - Korsabrua. Det er gjennomført eit innleiande møte der ein har drøfte moglegheit for ein felles tilkomstløysing for begge desse to næringsområde på begge sider av Sjøbøelva. Tiltakshavar for reguleringsplan for Sjøbøelva - Korsabrua er positiv til felles tilkomst, så lenge dette ikkje skapar forseinkingar for deira planprosess. Ein ser derfor for seg at denne planen kan ferdigbehandlast slik den no føreligg og at ein kan omregulere tilkomsten i samband med reguleringsplan for Sjøbøhaugane næringsområde, sjå skisse under, dersom det er aktuelt med felles tilkomst. Ein har derfor tatt med krysset innanfor planområde til denne planen. Det skal utarbeidast moglegheitsstudie for planområdet. Denne vil vise aktuell utbyggingsløysing med tilhøyrande vegsystem.

Figur 12. Skisse for felles tilkomst til næringsområda.

Figur 13: *Bilde av kryssområde ved fylkesvegen og tilkomst inn til eksisterande næringsområde.*

Figur 14: *Bilde av tilkomstveg inn til eksisterande næringsområde område.*

Andre alternative tilkomstar til planområdet vil vera direkte frå fylkesvegen Lyseklostervegen lengre nord i område der vil ein vera i konflikt med verdifull myr. Ein har derfor vurdert at det vil vere formålstenleg å unngå tilkomst frå nordre del av innspelsområde, slik ein unngår myrområdane.

5.4 Utgreiingsbehov

Som en del av planprogrammet er det gjennomført en kartlegging av utgreiingsbehov i samband med konsekvensutgreiing og planbeskrivelse jamføre M-1941. Det er tatt utgangspunkt i lista nedanfor som er henta frå forskrift om konsekvensutredning § 21 *«Beskriving av faktorar som kan påverke og vurdering av vesentlege verkingar for miljø og samfunn»*. I endeleg planbeskrivelse vil også andre tema blir omtalt.

5.5 Kartlegging av utredningsbehov

Tema	Utredningsbehov	KU	Plan	Ikke aktuelt
Naturmangfald jfr. Naturmangfaldslova	Beskriving og verknad utgreiast i konsekvensutgreiing for Naturmangfald.	X		
Økosystemtenestar	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen, samt i KU Naturmangfald		X	
Klimagassutslepp	Beskriving og verknad greiast ut i konsekvensutgreiing for klimagassutslepp.	X		
Nasjonalt og internasjonalt fastsette miljømål	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Kulturminne og kulturmiljø	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Friluftsliv	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Landskap	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Forureining (utslepp til luft, derunder klimagassutslepp, forureining av vann og grunn, samt støy)	Beskriving og verknad undersøkast og greiast ut i planomtalen, samt er ein del av KU klimagass.		X	
Vassmiljø, jf. vassforskrifta	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Jordressursar (jordvern) og viktige mineralressursar	Ikkje naudsynt med KU, men beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Samisk natur- og kulturgrunnlag				X
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar	Trafikale forhold for tilkomst greiast ut i planomtalen under temaet *Trafikksituasjon.* Det skal utarbeidast mobilitetsplan for tiltaket. Beskriving og		X	

Tema	Utredningsbehov	KU	Plan	Ikke aktuelt
	verknad av tiltaket omtalast i planomtalen.			
Beredskap og ulykkesrisiko	Temaet er del av ROS-analyse i planomtalen		X	
Verkingar som følge av klimaendringar, derunder risiko ved havnivåstigning, stormflo, flaum og skred	Temaet er del av ROS-analyse i planomtalen		X	
Befolkningas helse og helsa si fordeling i befolkninga	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Tilgjengelegheit for alle til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Barn og unges oppvekstvilkår	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Kriminalitetsforebygging	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen		X	
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.	Beskriving og verknad omtalast i planomtalen.		X	

5.6 Tema som skal utgreiast i konsekvensutgreiinga (KU)

Det er foreslått følgande utredningstema som skal konsekvensutgreiast jfr. § KU-forskrifta:

- Naturmangfald
- Klimagassutslepp

Oversikt over høve som etter kapittel 4 skal utgreiast jamfør KU-forskrifta § 14, punkt b:

Tema	KU	Planomtale	Metode for utredning
Naturmangfald	X		Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i Miljødirektoratet sin handbok for konsekvensutgreiingar M 1941, Kap. 1 (Naturmangfald). I tråd med KU-forskrifta § 17 skal utgreiingar følgje anerkjent metodikk (m-1941) og utførast av personar med relevant fagleg

			kompetanse. Det er blant anna registrert myrområde, hol eik og vassdrag innanfor planområde som vil krevje ytterleg vurdering. For meir utfyllande informasjon blir det vist til handbok M-1941. Fagansvarleg skal vurdere eksisterande kunnskapsgrunnlag og vurdere om det er naudsynt eller om det må gjennomførast nye kartleggingar. Kriteria for verdi, KU for naturmangfald skal vurdere kva konsekvensar tiltaket har førekomsten. Fagansvarleg skal vurdere omfang av utgreiingar. Det skal gjennomførast biologisk kartlegging av myrområde. Kjelder: Naturbase kart, Biota naturkompetanse.
Landskap		X	Ikkje naudsynt med KU. Tema som blir rørte blir omtalt i KU for naturmangfald samt bli vidare vurdert i planomtalen. Kjelder: Naturbase kart, landskapsanalyse for Os kommune 2019
Friluftsliv		X	Ikkje naudsynt med KU. Skal vurderast nærmare i plabbeskrivelsen. Ut over traktorveg/tursti som går gjennom planområde, er det samla sett få konsekvensar innanfor tema som blir rørt. Tursti vil bli vidareført og vurdert i planomtalen.
Klimagassutslepp	X		Konsekvensutgreiinga skal ta utgangspunkt i Miljødirektoratet sin handbok for Konsekvensutgreiingar M- 1941, Kap. 6 (klimagassutslepp). I tråd med KU-forskrifta § 17 skal utgreiingar følgje anerkjent metodikk og utførast av personar med relevant fagleg kompetanse. Metodane gir ein systematisk tilnærming for å berekne desse utslippene ved å ta omsyn til ulike faktorar som påverkar karbonbalansen i rørte områder. Metodane bygger på metodikk frå det

			nasjonale klimagassregnskapet og representerer en vidareutvikling og generalisering av metodar opphavleg utviklast for vegsektoren. Den er metodisk kompatibel med både klimagassregnskap og livssyklus analyser, og gir dermed eit bilde av klimagassutsleppane. En detaljert beskriving av metoden finnes i rapporten «Metodar for berekning av klimagassutslepp frå arealbeslag» frå 2022. Utsleppsfaktorane er henta frå det nasjonale klimagassregnskapet 2022 og tilpassa den spesifikke berekningsmetoden.
Kulturmiljø		X	Ikkje naudsynt med KU. Det er gjort innleiande analyse av kjent grunnlag og ikkje registrert kulturminne innanfor planområdet. Kjelder: Naturbase kart, Askeladden, Miljøstatus
Støy		X	Ikkje naudsynt med KU. Støyfagleg utgreiing i samsvar med T-1442. Det vil bli fastsett støysona kring planområde for anleggsfase og driftsfase. Per oppstartsmøte med Bjørnafjorden kommune er det stilt krav om støyrapport. Dette vil bli utarbeida parallelt med konsekvensutgreiing av andre fagtema.
Vassmiljø og naturmangfald i vatn		X	Det er vurdert at vassmiljø vil omtalast i KU kap. Naturmangfald og det er ikkje naudsynt meg eigen KU. Sentrale tema er Sjøbøelva, som ikkje må bli forringa eller nedbygd i forbindelse med planarbeidet. Tema som råkar overvatn og flaum blir ein del av ROS-analyse.
Luftforureining		X	Ikkje aktuelt med KU. Skal vurderast nærmare i ROS-analyse.

Grunnforureining		X	Ikkje aktuelt med KU. Skal vurderast nærmare i ROS-analyse
Jord-/skogbruk og jordvern		X	Ikkje naudsynt med KU, men tema vil bli omtalt i planomtalen. Planområde er i dag ubygd og skogdekt, og omsyn til tema vil bli omtalt under fleire andre tema.
Samanstilling KU	X		I planomtalen vil konsekvensvurderingane for kvart utgreiingstema bli summert opp i høve til kap. 11 i M-1941. Konsekvens for kvart tema skal samanstillast i ein samletabell.

5.7 Tema som skal omtalast i planarbeidet

I høve til plan- og bygningslovens § 4-2 skal det utarbeidast planbeskrivelse i forbindelse med planforslaget. Planomtalen vil beskrive planens formål, hovudinnhald og verknadar, samt planens forhold til rammer og retningsliner som gjelder for området, i tråd med lovens krav.
Det er fleire tema som vil inngå i planomtalen, men tema omtalt nedanfor vil få særleg fokus i planomtalen.

Tema	Eigen rapport	Planomtale	Metode for utredning
Andre konsekvensar		X	Andre konsekvensar skal vurderast i planskildringa iht. Bjørnafjorden kommune si mal for planskildringar og mal planomtale. Kva som skal vurderast går fram av malen. Til slutt i planomtalen skal det gjennomførast ei samla avveging av verknadane som følgje av planframlegget. Samfunnsnytten av prosjektet skal gjerast greie for i avgjerdsgrunnlaget.

ROS analyse	X		Risiko og sårbarheitsanalyse i iht. DSBs rettleiar for reguleringsplanar (2017).
VA-rammeplan	X		Det vil bli utarbeid VA-rammeplan i tråd med kommunen sin kravspesifikasjon
Mobilitetsplan	X		Det skal utarbeidast mobilitetsplan i tråd med Kommunen sin kravspesifikasjon KDPA Bjørnafjorden Vest.
Trafikkanalyse		X	Trafikkanalyse skal utarbeidast i tråd med Bjørnafjorden kommune sin kravspesifikasjon.
Folkehelseprinsippet		X	Alle planar etter plan- og bygningslova skal inkludere vurdering av folkehelseperspektivet, jf. plan- og bygningsloven §3-1. Planlegginga skal vere helsefremjande gjennom å fremje faktorar som styrkjer helsa og livskvaliteten, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova §4. Det planlagde tiltaket vert i planmaterialet vurdert med omsyn til positive eller negative effektar dette vil ha i folkehelseperspektivet.

5.8 Risiko- og sårbarheitsanalyse

I høve til plan- og bygningslovens § 4-3 skal det utarbeidast en risiko- og sårbarheitsanalyse i forbindelse med planarbeidet. Analysen skal omfatte risiko- og sårbarheits forhald som kan ha betydning for realiseringa av tiltaket. Avbøtande tiltak skal beskrivast og risiko- og sårbarheitsanalyse vil utarbeidast parallelt med konsekvensutgreiinga. Formålet med en ROS-analysen er å kartlegge korleis omgjevnadane påverkar risikoen for prosjektet, og korleis foreslått utbygging påverkar risikoen i omgjevnadane. Dette skal bidra til den enkelte tryggleik for liv, helse og eigendom, og å bidra til å ivareta samfunnets evne til å fungere teknisk, økonomisk og institusjonelt, og hindre ei utvikling som truar viktige forutsetningar for dette (Direktorat for sikkerheita og beredskap, 2017).

Planarbeidet skal ivareta samfunnstryggleiken, og det vil bli utarbeida ei risiko og sårbarheitsanalyse som ein del av planarbeidet. Det stilles krav til risiko- og sårbarheitsanalyse i alle planer for utbygging etter plan- og bygningsloven, jfr. PBL. §4-3. Risiko- og sårbarheitsanalyse skal syne forhald som har betydning for om arealet er egna til utbyggingsføremålet og eventuelle endringar for framtidige forhold som følge av planlagt utbygging. Til planinitiativet stilles det krav planinitiativet skal i nødvendig grad omtale premissene for det videre planarbeidet, og gjere greie for korleis samfunnssikkerheit skal ivaretakast, blant annet gjennom å forebygge risiko og sårbarheit, jfr. Forskrift om behandling av private planforslag etter plan- og bygningslova §1. Aktuelle tema kan supplerast etter ønske med Bjørnafjorden kommune i oppstartsmøte, i tilbakemeldingsbrev/referat frå oppstartsmøte og frå eventuelle merknader til varsling av oppstart med planarbeid. Følgande tema er vurdert som aktuelle frå oppstartsmøte med kommunen:

- Overvatn og flaum
- Trafikktryggleik
- Ras og skred
- Støy, luft- eller grunnforureining
- Samfunnstryggleik

Eit sentralt tema i ROS-analyse vil vere flaumfare. Nedbørfeltet til Sjøbøelva består av eit bekkeløp frå sør og et frå nord som samlast i kartleggingsområdet. Feltet er i hovudsak naturleg og består i hovudsak av skog. Mesteparten av feltet er slakt med fleire tjern og myrer som det forventast at vil bidra til noko naturleg flaumdemping. Delar av planområde ligg under marin grense og tett på Sjøbøelva. Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-2 definera klare krav til sikkerheit mot flaum og stormflaum for nybygg, samt saktevoksande flaumar som normalt sett ikkje medføra fare for menneskeliv. I samband med reguleringa av næringsområde Lyseparken Vest er det gjennomført ei flaumfarevurdering av Sjøbøelva iht. NVEs rettleiar «Sikkerheit mot flaum – Utredning av flaumfare i reguleringsplan og byggesak», med bakgrunn i TEK 17 § 7-2 sikkerheitsklasse F2 (framtidig 200-årsflaum).

Faresona dekker store deler av myra i nordenden av kartleggingsområdet, og følg lågbrekket til elva sørover. Den lågaste delen av nordenden av industriområdet er også utsett for flaumfare på grunn av låg over høgde til elva. Dimensjonerande 200-årsvannstand for kartleggingsområdet går frå 52,8 moh. nedst til 53,1 moh. øvst i næringsområdet, og høgare oppstrøms næringsområdet.

Dersom det etablerast bygningsmasse innanfor flaumfaresona anbefaler vi at det nyttas et sikkerheitspåslag på 0,3 meter. Dette gir flaumsikkert nivå for industriområdet innanfor faresona på53,4 moh. Faresona for flaum er vist i Figur 15.

Flaumfarevurderinga konkludera med at ny bygningsmasse plasserast utanfor faresona for flaum, som vist i figur 15. Dersom ny bygningsmasse etablerast innanfor faresona må det utførast risikoreduserande tiltak som varetek krav til sikkerheit mot flaum og erosjon. Aktuelle sikringstiltak for kartleggingsområde kan vere:

- Heve planeringshøgde til flaumsikkert nivå
- Anlegga flaumvollar eller flaumverk for å hindre overfløyming

Eventuelle risikoreduserande tiltak må detaljerast og prosjekterast til et nivå som sikrar at tiltaket varetar krav til sikkerheit mot flaum og erosjon. Arbeidet bør utførast av eit føretak med vassdragsteknisk kompetanse og vi anbefaler at NVE sin sikringshandbok leggast til grunn. Det må også dokumenterast at tiltaka ikkje gir auka ulempe for omgjevnadane, ref. TEK17 §7-1



Figur 15. Faresone som synar flaumutsette område for sikkerheitsklasse F2 (200-årsflaum med klimapåslag), Bjørnafjorden kommune

6. Organisering av planarbeidet

6.1 Planprosess

Det skal utarbeidast detaljreguleringsplan i høve til plan- og bygningslovens føresegner § 12-2 og 12-3, samt konsekvensutgreiing i høve til § 4-2 i plan- og bygningslova.
Arbeidet med reguleringsplan og konsekvensvurdering blir samordna slik at det som sluttprodukt blir presentert et reguleringsplanforslag med tilhøyrande planomtale, konsekvensutgreiing og risiko- og sårbarheitsanalyse.

6.2 Utarbeiding og handsaming av planprogram og planforslag

Som eit ledd i varsel og kunngjering av oppstart av planarbeid skal det etter forskrifta utarbeida forslag til planprogram, som etter høyring fastsettast av utval for Plan-, bygg og miljø i Bjørnafjorden kommune. Vedtatt planprogram skal leggast til grunn for vidare saksgong og arbeid med utarbeiding av planforslag med konsekvensutgreiing. Planprogrammet skal klargjere premisser og rammer for planarbeidet, så fastsette forhold som skal utgreiast og/eller beskrive nærmare i planforslag med konsekvensutgreiing.

Ved høying av planforslag til offentleg ettersyn skal dei moglege konsekvensane av planforslaget greiast ut. Ved handsaming og vedtak av planen skal det beskrivast korleis konsekvensutredninga er vurdert og teken omsyn til, samt vurderast og eventuelt stilles vilkår for gjennomføring og krav om oppfølgande undersøkingar

6.2.1 Saksgong for planarbeidet:



6.2 Medverking og informasjon

Det skal varslast oppstart i tråd med kommunens liste over offentlege og private høyringspartar, samt naboliste. Aktuelle høyringspartar er:

- Statsforvaltaren i Vestland
- Vestland fylkeskommune
- Statens vegvesen
- BKK Nett
- Bergen og Omland friluftsråd
- Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap
- Direktoratet for mineralforvaltning

- Natur og ungdom
- Naturvernforbundet Hordaland
- Os Turlag
- NVE
- Statnett
- Bjørnafjorden utviklingsselskap (BUS)
- Naboar, grunneigarar og andre rørte partar

Prosessen vil følge plan- og bygningsloven med møta etter behov med aktuelle fagmyndigheiter, grunneigarar og andre undervegs. Det er gjennomført oppstartsmøte med Bjørnafjorden kommune november 2025.

6.3 Framdriftsplan

• Oppstartsmøte	November 2025
• Utkast til planprogram	Desember 2025
• Regionalt planforum	Ikkje fastsett
• Varsel om oppstart av planarbeid	Januar 2026
• Fastsetting av planprogram	Mars 2026
• Planforslag til 1. gongs handsaming	Juni 2026
• Offentleg ettersyn planforslag	August 2026
• Endringar i planforslag	Oktober 2026
• Godkjenning av plan	Desember 2026